



AURLAND KOMMUNE

Teknisk

11.06.2021

Miljøtiltak Flåmsvassdraget og Nørøyvassdraget

Prosjektering, konkurransegrunnlag og utførelse


Sentralt styringsdokument

Flåmsvassdraget - Saksnummer: 20/646

Prosjektnummer: 20123

Nørøyvassdraget: - Saksnummer: 20/21/67

Prosjektnummer: 20124



Behandla dato: 11.06.2021	Behandla av: Reinhardt Sørensen	Utarbeidd av: Jan Olav Å. Møller
-------------------------------------	---	--

Vedtak:

Gjennomføring av leveranseprosjekt konsept og utførelse av miljøtiltak i Flåmsvassdraget og Nærøyvassdraget..

Bemanning av neste fase

Prosjektleder: Jan Olav Å. Møller
 Prosjektleder Reinhardt Sørensen
 Adm ressurs Teknisk: Steve Elgåen og Henning Elgåen.

Eksterne:
 RIG(PRO): NORCE LFI
 UTF: (NN)

Samarbeid: E-co Hafslund

Andre:
 Forvaltning og utvikling (plan og byggesak).
 Felles landbrukskontor ÅLA(avklaring landbruksinteresser)

Neste fase ferdig:

2023

Signatur ved godkjenning (prosjektleder)

R. Sørensen

Arkivering og distribusjon

- Distribusjon ved digital arkivering på «Intern sky» og i focus websak som scanna signert versjon.
- Sentralt styringsdokument inkludert revisjonar av denne skal godkjennast og signerast av prosjektleder. Vedtekne reviderte utkast skal lagrast og distribuerast som nemnt i kulepunkt 1.

Distribusjonsliste

Navn	Initialer	Prosjektrolle (funksjon)	Org. enhet
Jan Olav Å. Møller	JOM	Prosjektleder	Teknisk
Reinhardt Sørensen	RES	Prosjektleder	Teknisk
Steve Elgåen	STE	Adm ressurs	Teknisk
Henning Elgåen	HE	Adm ressurs, byggjeleiar	Teknisk
Plan og eigedomsutval		Prosjektstyre	Politisk
NVE	NVE	Statleg sektormynde vassdrag, Tilskot/fiansiering.	Statleg
Statsforvaltaren i Vestland og Miljødirektoratet	SFV/MD	Statleg sektormynde fisk og miljø	Statleg
Norce LFI	NLFI	RIG	Ekstern konsulent
E-co Hafslund		Fagressurs - samarbeidsgruppe	Regulantr

Revisjonslogg for Sentralt styringsdokument med kvalitetsplan

Gjer greie for revisjonar gjort i sentralt styringsdokument(prosjektstyringsplan) med kvalitetsplan som følgje av endringar i prosjektet.

Revisjons-Nr.	Endring	Godkjent av prosjektleder/dato		Godkjent av prosjekteier/dato	
1	Milepæler, framdriftsplan,	JOM	21.06.2021	RES	21.06.2021
2	Grensesnitt - oppdatering Nærøyvassdraget.	JOM	09.07.2021	RES	09.07.2021
3	Oppdatert – framdrift og leveranse av rapportar	JOM	12.01.2023	RES	12.01.2023

1. Innhald

1.	Innhald	3
2.	Overordna rammer	4
	Samfunns mål.....	4
	Effekt mål	4
	Resultat mål	4
	Kritiske suksessfaktorer	4
	Rammebetingelser	4
	Grensesnitt.....	5
3.0	Gjennomføringsstrategi	5
	3.1 Strategi for styring av usikkerheit.....	5
	3.2 Kontraktsstrategi.....	5
	Organisering- og bemanningsstrategi.....	6
	Kommunikasjonsstrategi	6
3.	Styringsbasis	7
	Framdriftsplan/aktivitetsliste Flåmsvassdraget.....	7
	Framdriftsplan/aktivitetsliste Nærøyvassdraget.....	10
	Arbeidsomfang og endringsstyring	11
	Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA) & ytre miljø (YM).....	12
	Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø.....	12
	Ytre miljø	12
	Kostnadsoverslag, budsjett og investeringsplan	12
	Økonomiplan og budsjett:.....	12
	Kvalitetssikring.....	13
4.	Vedlegg.....	14

2. Overordna rammer

Miljøtiltak Flåmsvassdraget og Nærøyvassdraget

Samfunns mål

- Ivaretaking av naturmangfold og levedyktig bestand av fisk og andre artar i vassdraga.

Effekt mål

- Sikre gode oppvekstforhold i vassdraga.

Resultat mål

- Habitat- og miljøforbetrande tiltak.
 - o Flåmsvassdraget: Prosjektering og gjennomføring - steinutlegg, grusutlegg/gyteplassar, modifisering av buner, fiskehabitat, sideløp, kantvegetasjon
 - o Nærøyvassdraget: Habitatstiltaksplan(prosjektering).

Kritiske suksessfaktorer

- Tett samarbeid mellom byggherre ved prosjekteigar/prosjektleiar, prosjekterande, Hafslund E-co og berørte grunneigarar og sektormyndigheiter.
- God oversikt.
 - o Kunnskap om elva sine fysiske forhold, hydromorfologiske prosessar, miljøverdiar og kva interessentar som vert påverka.
- Tilpassing av tiltaka i høve miljø og allmenne interesser.
- God framdrift.
- Halde kostnadane innanfor løyvingar og krav/vilkår frå NVE(Flåmsvassdraget) og Miljødirektoratet(Nærøyvassdraget).
- Kontroll av utført arbeid.
- Visuelt gode løysingar
- God informasjon ut om prosjektet til elveeigarlag, statsforvaltaren i Vestland, nettsider, media m.fl.

Rammebetingelser

- Sentralt styringsdokument (dette dokumentet).
- Internt kvalitetssystem Teknisk eining.
- Tilsegn om tilskot til miljøtiltak, NVE, Flåmsvassdraget, 26.03.2021.
- Søknadsbrev frå kommunen om tilskot, NVE, Flåmsvassdraget, 02.07.2020.
- Søknadsbrev frå kommunen om tilskot, Miljødirektoratet, Nørøydalselva, 14.01.2021.
- Tilsegn om tilskot til habitattilak, Miljødirketoratet, Nærøydalselva, 31.03.2021.
- Naturmangfoldlova.
- Habitatkartlegging av lakseførande del av Flåmselva 2017, LFI notat september 2017.
- Habitatforbedrande tiltak i Flåmselva 2015 – 2016, LFI notat 7/2016.
- Fiskefagleg rådgivning, avbøtende tiltak og miljøvennlig elveutforming, LFI notat 3/2015.
- Tiltaksplan for Nærøydalselvi 01.09.2016, Norconsult.
- Sikringshandboka, NVE, <https://www.nve.no/sikringshandboka/>

- Plan- og bygningslova, byggteknisk forskrift
- Kommuneplan for Aurland, 2009.

Grensesnitt

Arbeidet må sjåast i samanheng med tilgrensande prosjekt:

Flåmsvassdraget:

- Utførte strakstiltak i Brekkelva etter flaumen. Utført 2021.
- Gytefisktellingar Flåmsvassdraget(årlege teljingar).
- FoU prosjekt Flaum & Miljø(snart sluttseminar for prosjekt finansiert av Statsforvaltaren, NVE og Fylkeskommune.

Nørøydalselvi:

- Det er søkt om tilskot til elveforbygging ved Hylland i Nørøydalen, 29.06.2021. Desse prosjekta må vite om kvarandre og sjåast i samanheng.
- Gytefisktellingar Nørøyvassdraget(årlege teljingar).
- Kartlegging av sideløp og ungfiskbestand i desse, tiltaksforslag for avbøtande tiltak mot fraføring av vatn (Statkraft prosjekt).

3.0 Gjennomføringsstrategi

3.1 Strategi for styring av usikkerheit

- Fokus på tidleg kartlegging av usikkerheit
- God kommunikasjon og informasjon utad.
- Definere klare roller og ansvar.
- Ta omsyn til både truslar og moglegheiter
- Ha fokus på eigartilhøve og avtalar.
- Prioriter og analyser usikkerheitene.
- Planlegg og implementer tiltak.
- Registrer usikkerheitene.
- Dokumentasjon og sporbarheit.

3.2 Kontraksstrategi

Definisjon kontraktstrategi

Ein heilskapleg plan for korleis ei konkret anskaffing skal gjennomførast, følgast opp og evaluerast – medrekna konkurransestrategien. I tillegg omfattar han ein plan for kontraktsoppfølging og evaluering med rolle- og ansvarsfordeling.

Alle prosjekter i plan-, bygge-, drift- og vedlikehaldsfasen skal ha ein gjennomtenkt kontraktstrategi for å sikre effektiv gjennomføring, optimale løysingar og effektivitet ved inngåing av kontraktar. Det er viktig med samarbeid på tvers av fasar og fagområde. Til dømes skal planlegging og bygging samt drift sjåast i samanheng og det skal takast stilling til kontraktstrategi allereie i planfasen.

Først vert det fastsett ein hensiktsmessig og målretta kontraktsinndeling for prosjektet:


1. Planlegging og prosjektering av hastetiltak. NS 8402.
2. Gjennomføring NS 8405.

Det blir lagt opp til utførelsesentreprise etter NS 8405 for Flåmsvassdraget. Dette inneber at byggherren har ansvar for prosjektering, medan entreprenøren sitt ansvar er avgrensa til

utførelse av beskive arbeid.

Utførelsesentrepriser er samlebegrep for general, hovud- og delte entrepriser. Entrepriseforma legg til grunn at byggherren prosjektera og skildrar løysingar, og fastsetter krav til det som skal leverast. Prosjektering på naudsynt detaljnivå må difor skje på tidleg tidspunkt som grunnlag for skildringar i konkurransegrunnlaget. Byggherren tek risikoen for feil og manglar i prosjekteringa.

Organisering- og bemanningsstrategi



Ansvar og mynde som ligg under dei ulike rollene – sjå

- Rutine - styrande roller i kommunale investeringsprosjekt
- Styrande dokument i kommunale investeringsprosjekt
- Ansvar og fullmakter – fullmaktstruktur for Teknisk eining

Kommunikasjonsstrategi

Her vert det skildra korleis prosjektet skal handtere ekstern og intern kommunikasjon.

- Ekstern informasjon skal skje i samsvar kommunen sine interne reglar.
- Prosjekteigar sin representant skal kontaktast før ekstern kontakt, inklusive media. Dette gjeld og ved utsending av interne prosjektdokument samt anna kontakt der prosjektleiår representerer prosjekteigar.
- Heimesida til kommunen skal nyttast.
- Kopi av utgåande korrespondanse skal sendast prosjekteigar.
- Prosjekteigar orienterar prosjektstyre fortløpande om investeringsprosjekta til kvart møte i utvalet.
- Eksternt føretak(RIG):

Fagressursar - møter/synfaringar og referat

- Fagressursane må delta på møter og synfaringar ved behov (etter kva tema som skal takast opp). Fagressursar skal alltid rapportere om kva som blir avtalt og konkludert med til prosjektleiar.
- Prosjektleiar arrangerer møte, sørger for at det vert skrive referat og melder opp referat til prosjektstyre, evt. andre som har delteke på møtet og til prosjekteigar samt intern samarbeidsgruppe.
- Prosjekteigar deltek i møter med eksterne aktørar i prosjektet.
- NVE skal kallast inn og har rett til å møte på byggemøta for Flåmsvassdraget. Kommunen kan be om faglege råd frå NVE undervegs.
- Referata skal innehalde punkt til oppfølging og vere tydelege på fristar og ansvar for gjennomføring.
- Statsforvaltaren i Vestland ved miljø skal haldast orientert om framdrift i prosjekteta og kontaktast ved behov for faglege råd i høve habitattiltaka.

Intern samarbeidsgruppe

- Intern samarbeidsgruppe(prosjekteigar, prosjektleiar, interne ressursar Teknisk, RIG – Norce LFI, skal møtast fortløpande ved behov. NVE vert kalla inn ved behov. E-co Hafslund inngår som del av samarbeidsgruppe for Flåmsvassdraget.

3. Styringsbasis

Framdriftsplan/aktivitetsliste Flåmsvassdraget

Leveranseprosjekt konsept, prosjektering og gjennomføring Flåmsvassdraget - aktivitetsliste

Milepæl	Tid	Leveransar	Beskriving
Søknad om tilskot til miljøtiltak, NVE.	02.07.2020	Søknad sendt frå kommunen og levert til NVE	Søknad om tilskot til tiltak skildra i UNI Miljø notat (Pulg m.fl, 2015, 2016 og 2017. Gjennomføring av løysingar gjennom prosjektet «Flaum og Miljø».
Tilsegn om tilskot	26.03.2021	Tilsegnsbrev med vilkår, NVE.	Tilskot innanfor ei ramme på 1,4 mill.
Anbod – prosjekteringsoppdrag	04.05.2021	Anbudsgrunnlag sendt ut til fleire føretak.	Felles anbudsgrunnlag Flåmsvassdraget og Nærøyvassdraget. Anbudsfrist 21.05.2021.
Tildeling av oppdrag	02.06.2021	Tildelingsbrev sendt ut.	Prosjekteringsoppdrag tildelt Norce LFI.
Oppstartsmøte	07.06.2021	Oppstart av prosjekta	Norce LFI og kommunen.
Ferdig sentralt styringsdokument	Juli 2021	Prosjektplan med framdriftsplan og kostnadsoverslag for prosjekteringsarbeid.	Sendast til NVE, statsforvaltaren, elveeigarlag, publisering på heimeside.

Utarbeiding av tiltaksplan	31.08.2021- desember 2022	Framlegg	Utarbeiding av arbeidsplan med teikningar for steinutlegg, grusutlegg/etablering av gyteplassar, modifisering av buner og utforming av fiskehabitater, sideløp og kantvegetasjon mellom Lune og elvemunninga. Inkludert sedimentmanagement og vedelikhaldsplan for heile strekninga nedanfor Leinafossen. Synfaringar undervegs med grunneigarar m.fl. Arbeidet dannar grunnlag for utarbeiding av tilbods- og konkurranse/leveringsgrunnlag, inkludert detaljprosjekterte løysingar.
Utbetalingsplan for tilskot NVE	01.10.2021	Forventa utbetalingsplan	Sendast til NVE.
Statusrapport	10.04.2022	Rapport	Statusrapport til administrativ leiing ihht interne kravdokument og investeringsreglement.
Statusrapport	10.09.2022	Rapport	Statusrapport til administrativ leiing ihht interne kravdokument og investeringsreglement.
Prosjektmøte	05.10.2022	Referat	Arbeidsmøte mellom Norce LFI og kommune
Tiltaksplan Flåmsvassdraget	10.12.2022	Leveranse	Sendast til NVE og Statsforvaltaren
Statusrapport	10.12.2022	Rapport	Statusrapport til administrativ leiing ihht interne kravdokument og investeringsreglement.
Statusrapport	10.01.2023	Rapport	Statusrapport til administrativ leiing ihht interne kravdokument og investeringsreglement.
Orientering om rapportar	12.01.2023	Brev	Utgående orientering til grunneigarar, elveeigarlag, myndigheiter med fleire.
Utførelsesfase for Flåmsvassdraget	2023		
Anbudsrunde for utførelse	Haust /vinter 2023.	Anbud og tildeling	Val av utførande entreprenør til oppdraget
Kostnadsoverslag	Haust /vinter 2021 – 2022.	Kostnadsoverslag for utførelse	Sendast til NVE før arbeidet vert sett i gang.

Habitattiltak mellom Lunde og elvemunninga, vedlikehald og sedimentmanagement mellom Leinafossen og elvemunninga	Sommaren 2023 (juli – september)	Gjennomføring og byggeleing.	Gjennomføre tiltaka i plan. RIG følgjer opp entreprenørar som fiskebiologisk byggjeleing. Kontrollmålingar over og under vatn. Arbeidsteikningar. Byggjemøter annankvar veke(datoar vert lagt inn i framdriftsplanen når byggemøta(BM) er gjennomførte..
Tilkopla sidelaup/flaumaup og sikra varig vassføring.	Sommaren 2023 (juli-september)	Gjennomføring og byggeleing	Fiskebiologisk byggjeleing, RIG følgjer opp entreprenør på staden. Kontrollmålingar over og under vatn, arbeidsteikningar. Byggjemøter annankvar veke(datoar vert lagt inn i framdriftsplanen når byggemøta(BM) er gjennomførte..
Reetablering av kantvegetasjon	April 2023	Aktiv reetablering av kantvegetasjon.	Planting av stadeigna artar og dialog med grunneigarar om viktigheita av kantvegetasjon slik at denne kan beskyttast. Samarbeid med grunneigarar og skular(som del av undervisning). Informasjonsmøter og rettleiing ved planting av tre, skjøtsel og evt inngjerding.
Overtakelsesforretning			Hausten 2022
Byggjerekneskap og sluttrapport			Innan 01.12.2023 jf vilkår tilsagn NVE. Endeleg dato blir oppdatert.
Evaluering, overvåking og rapportering	Hausten 2023, 2024, 2025	Etterundersøkingar , dokumentasjon, evalueringar av tiltak, overvåking og rapportering.	<ul style="list-style-type: none"> – For å kunne måle og synleggjera effekten av dei brukte midlane. – For å kunne bedømme tilstanden av fiskebestanden – Fininstille vedlikehald og oppfølging av tiltaka. <p>Overvåking og evalueringar inkluderar årlege fiskeundersøkingar(ungfisk- og gytefisk), prøver av sediment og kartlegging like i etterkant av gjennomførte tiltak, samt på år etter tiltak.</p>

			<p>Overvåkinga vil vera naudsynt med tanke på å følgja opp bestandane og tiltaka.</p> <p>Rapportar og evalueringar skal sendast til elveiegarlag, NVE og Statsforvaltaren undervegs.</p>
--	--	--	--

Framdriftsplan/aktivitetsliste Nærøyvassdraget

Leveranseprosjekt konsept og prosjektering – aktivitetsliste Nærøyvassdraget

Milepæl	Tid	Leveransar	Beskriving
Søknad om tilskot til habitattiltak, Miljødirektoratet	14.01.2021	Søknad sendt frå kommunen til Miljødirektoratet	Søknad om tilskot til habitattiltak.
Tilsegn om tilskot til habitattiltak	31.03.2021	Tilsegnsbrev med vilkår, Miljødirektoratet.	Tilskot kr 300 000,-.
Anbud detaljprosjekteringsoppdrag.	04.05.2021	Anbudsgrunnlag sendt ut til fleire føretak.	Felles anbudsgrunnlag Nærøyvassdraget og Flåmsvassdraget. Anbudsfrist 21.05.2021.
Tildeling av oppdraget	02.06.2021	Tildelingsbrev sendt ut.	Prosjekteringsoppdrag tildelt Norce LFI.
Oppstartsmøte	07.06.2021	Oppstart av prosjekta.	Norce LFI og kommune.
Ferdig sentralt styringsdokument	Juli 2021	Prosjektplan med framdriftsplan og kostnadsoverslag.	Sendast til NVE, Statsforvaltaren, elveiegarlag, publisering på heimeside.
Kvalitetssikring av flaumsikringsplan.	30.09.2021	Gjennomgang	Forslaga til flaumsikring som er gjeve i eksisterande rapportar, vert gjennomgått og vurdert kva desse vil bety for vassdragsmiljø, elvemorfologi og flaum og erosjon.
Utarbeiding av habitattiltaksplan	Sommaren 2021, framlegg leverast	Framlegg	Fysisk habitatkartlegging av Nærøydalselva som grunnlag for planlegginga, inkludert

	innan 31.10.21.		georeferert dronebilette. Utarbeiding av arbeidsplan med teikningar og beskrivelse samt vedlikehaldstiltakingar for heile lakseførande strekning.
Statusrapport	01.11.2021	Rapport	Sendast i elektronisk søknadssenter.
Statusrapport	10.04.2022	Rapport	Statusrapport til administrativ leiing ihht interne kravdokument og investeringsreglement.
Statusrapport	10.09.2022	Rapport	Statusrapport til administrativ leiing ihht interne kravdokument og investeringsreglement.
Prosjektmøte	05.10.2022	Referat	Arbeidsmøte mellom Norce LFI og kommune
Statusrapport	10.12.2022	Rapport	Statusrapport til administrativ leiing ihht interne kravdokument og investeringsreglement.
Statusrapport	10.01.2023	Rapport	Statusrapport til administrativ leiing ihht interne kravdokument og investeringsreglement.
Orientering om rapportar	12.01.2023	Brev	Utgående orientering til grunneigarar, elveeigarlag, myndigheiter med fleire.
Tiltaksplan Nærøyvassdraget	11.01.2023	Leveranse	Sendast til Miljødirektoratet, NVE og Statsforvaltaren
Sluttrapport.			Sendast til Miljødirektoratet, Statsforvaltaren, NVE m.fl. Sendast i elektronisk søknadssenter.

Arbeidsomfang og endringsstyring

Ved begrunna behov skal prosjektleiar og ekstern prosjekteringsleiar føreslå endringar for prosjekteigar. Dersom endringa vert godkjent, skal endringa(r) innarbeidast i planar/konkurransegrunnlag.

Prosjektering og byggefasen skal gjennomførast innanfor prosjektet sine rammer og føringar og sikre at den bidreg til måloppnåing for prosjektet. Kommunen må sikre at dette i prosjekterings og/eller byggefasen blir gjennomført i samsvar med lover, forskrifter og kommunale planar.

Prosjekteigar, prosjektleiar og prosjektstyre må varslast ved risiko for at prosjektet ikkje når sine mål.

Prosjektleiar må kontinuerleg revidera plan for kvalitetssikring eller kontrollplan på bakgrunn av kartlagde kritiske prosessar.

Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA) & ytre miljø (YM)

Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø

I gjennomføring av dette prosjekterings og byggje oppdraget skal det vera fokus på SHA.

- Prosjektleiar og innleigd byggjeleiar skal sørge for at alle som er involvert er gjort kjende med HMS-prosedyrar. Arbeidet skal gjennomførast i samsvar med desse prosedyrane. Dette gjeld også eksterne konsulenter og andre.

Ytre miljø

Ytre miljø blir teke omsyn til på følgjande måte i prosjekterings- og byggjearbeidet:

- Innhente og systematisere kunnskap
- Ytre miljø vert skildra i eigen plan. Denne gir føringar for anleggs- og driftsfase.

Kostnadsoverslag, budsjett og investeringsplan

Prosjektet blir finansiert av tilskot og låneopptak. Kostnadar vert ført på ansvar 500, funksjon 32599 Elveforebygging, prosjektnr 20123 og 20124.

Tilskot:

Flåmsvassdraget:

1. NVE: kr 1,4 mill
2. E-co Hafslund Energi: kr 100 000,-

Nærøyvassdraget:

1. Miljødirektoratet: kr 300 000,-

Økonomiplan og budsjett:

Busjett 2021

Prosjekta er forankra ved budsjettregulering 2021.

Kostnadsoverslag

Flåmsvassdraget:

Prosjektering, feltarbeid og byggjeleing:	kr 460 000,-
Etterundersøkingar/overvåking	kr 300 000,-
Samla kontrakt for prosjektering, byggjeleing, overvåking:	kr 760 000,-
Utførelsesentreprise(kalkyle):	kr 1 290 000,-
Eigene adm kostnadar prosjektleing	kr 50 000,-
Samla kostnadskalkyle:	kr 2 100 000,-

Nærøyvassdraget:

Kvalitetssikring og gjennomgang framlegg til flaumsikring:	kr 60 000,-
Habitatstiltaksplan	kr 240 000,-
Samla for prosjekteringsarbeid:	kr 300 000,-
Eigne adm kostnadar prosjektleiing	kr 50 000,-
Samla kostnadskalkyle	kr 350 000,-

Kvalitetssikring

- Aurland kommune sine styringsdokument med tilhøyrande rutine og kravdokument skal vera grunnlag for arbeidet.

- **Dokumentstyring og arkivering**

All post og andre dokument som etter regelverket er journalverdig skal lagrast i focus websak og på intern sky, i samsvar med kravdokument for journalføring for kommunale investeringsprosjekt.

Interne dokument, også prosjektstyringsdokument og referat, som er av betydning for avgjersler i prosjektet, kjem under denne kategorien og skal lagrast focus-websak og på intern sky. Interne dokument utarbeidde for eiga saksførebuing evt innhenta utanfrå for eiga saksførebuing, vert unntatt offentlegheita i samsvar med gjeldande lovverk.

Prosjektdata skal lagrast i prosjektkatalogen på intern sky. Prosjektleiaren har det overordna ansvaret for at arkivering skjer på riktig måte.

Dei ulike deltakarane i prosjektet har ansvar å gjere arkiveringa på riktig måte innanfor dei enkelte fagfelta.

Kjøp av tenester

- Kjøp av tenester («offentlige anskaffelser») skal gjennomførast i samsvar med gjeldande reglar.

Kritiske punkt:

- Minimere konsekvensar av anleggsarbeid for vassdraget.

Kvalitetsstyring

- **Kvalitet på leveransar**

- Prosjektet skal ha kostnadmessig nøkterne standard- og løysingsval, med utgangspunkt i prosjekterte løysingar.
- Prosjekterte tiltak skal følgje råd og tilrådingar i sikringshandboka, NVE, <https://www.nve.no/sikringshandboka/>. Val av løysingar skal også følgje råda frå fagrapportar vist til under «rammebetingelser». Dette er nærare omtalt i Ytre Miljøplan.
- Metodikk: «Flaum og Miljø» prosjektet.
- Tiltakshandboka, 2018.

- **Overlevering og erfaringsoverføring**

- **Data til prosjekteigar**

Oppdaterte prosjektdokument skal delast mellom entreprenør og prosjekteigar.

Bilete og dokumentasjon av ferdige hastetiltak må sendast til kommunen ved prosjektavslutning.

- **Avsluttande arkivering**

Dokumentstyring og arkivering.

Dokument og teikningar skal lagrast i focus websak og på intern sky i samsvar med kravdokumentet «kravdok journalføring prosjektdokumentasjon».

- **Erfaringsoverføring og evaluering**

- Konsulentoppdrag skal evaluerast, og evalueringsskjema for slik evaluering skal nyttast til dette.
- Prosjektorganisasjonen i prosjektet skal bidra i nødvendig omfang i seinare faser av prosjektet, for å sørge for at ein får god erfaringsoverføring.
- Erfaringsoverføring og evaluering skal skje etter interne rutinar på teknisk. Etter at prosjektet er gjennomført skal det lagast ein erfaringsrapport. Hovudpunkta frå erfaringsrapport kan inngå som del av sluttrapport med byggerekneskap.

4. Vedlegg

Som vedlegg til Sentralt styringsdokument skal følgjande dokument leggjast ved:

- Kvalitetsplan inkl. SHA & YM (Vert utarbeidd til gjennomføringsfase for Flåmsvassdraget)